



NVE

LYSE NEO AS
Postboks 8124
4069 STAVANGER

Vår dato: 19.09.2025
Vår ref.: 201603434-100 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.:

Lyse Neo AS - Oversending av fjernvarmekonsesjon

NVE gir Lyse Neo AS løyve til endra fjernvarmekonsesjon for fjernvarmeanlegget i Stavanger, Sandnes og Sola kommunar.

Endringa inneber at Lyse Neo kan etablere hovudrørleidning til Felleskjøpet for å utnytte overskotsvarme inntil 7 MW. NVE har vidare gitt løyve til mindre endringar i konsesjonsområde for at Lyse Neo kan etablere fjernvarmerøyr og utsett frist for å ferdigstille anlegget i tråd med konsesjonen.

Søknaden

Lyse Neo har konsesjon for eit fjernvarmeanlegg i Stavanger, Sandnes og Sola kommunar. I brev av 23.05.2025 søker dei om å endre konsesjonen. Lyse Neo søker om å utvide konsesjonsområdet og å etablere nytt hovudrørnett for å kunne utnytte overskotsvarme frå Felleskjøpet. Dei søker også om å utsette fristen for å ferdigstille Forus Nord varmesentral.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags- og energidirektorat



Figur 1: Kartet viser ei oversikt over endringane i konsesjonen.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

NVE si behandling og høyringsfråsegn

NVE sendte søknaden på høyring i brev av 13.06.2025, med frist for merknader sett til 15.08.2025. Vi påla også Lyse Neo om å informere grunneigarar, rettshavarar og eventuelt andre som burde kjenne til saka.

NVE påla Lyse Neo tilleggsopplysingar i e-post av 30.05.2025. Lyse Neo leverte opplysingar i e-post av 03.06.2025. Her understreka Lyse Neo at endringane ikkje fører til nytt kundegrunnlag i fjernvarmeanlegget. Vidare presiserte dei grensesnittet med Felleskjøpet og at dei vurderer at overskotsvarmen frå Felleskjøpet kan bli definert som ekstern varmeleveranse til fjernvarmeanlegget. Dei grunngav også årsaka til at dei søker om å utsetje frist for ferdigstilling av Forus Nord varmesentral. Etter vår vurdering var dette tilstrekkeleg for å orientere og hente innspel frå dei sentrale partane som vil vere råka av tiltaket, og vi har derfor unnlate å kunngjere saka, jf. energilova § 2-1.

NVE tok imot fem høyringsfråsegner, og Lyse Neo leverte kommentar på merknader i e-post av 09.09.2025.

NVE påla Lyse Neo i e-post av 12.09.2025 om å opplyse om status for Vågen varmesentral og å ev. oversende nytt oppdatert konsesjonskart. Lyse Neo responderte i e-post av 15.09.2025 med at Vågen varmesentral er avvikla og kopla frå fjernvarmeanlegget.

Vi har omtalt høyringsfråsegn og kommentar der det er relevant. Alle høyringsfråsegner og saksdokument er i sin heilskap publisert på elnnsyn under saksnummer [2016/3434](#).¹

NVE sine vurderingar

Under følger vurderingar som vi meiner er relevante for vedtaket.

Etablering av nytt hovudrørnett for tilknytning av ekstern varmeleveranse

Det kjem fram i søknaden at Lyse Neo vil etablere ny trasé for hovudrørnett i Sandvikveien for å knytte seg til og utnytte overskotsvarme frå Felleskjøpet Rogaland Agder. Traseen er planlagt å krysse jernbana.

Bane Nor skriv at det krev løyve etter jernbanelova for å føre kablar, leidningar eller røyr i tillegg til å grave, mindre enn 30 meter frå nærmaste spormidt på jernbana.

Lyse Neo kommenterer at fjernvarmerøyr leggst i Sandvikveien i forbindelse med Stavanger kommune si utbygging av gang- og sykkelveg. Dei legg til at tiltaket nyleg er godkjent frå Bane Nor og at dei vil utføre arbeidet i tråd med vilkår i løyvet. Dei skriv at det er gjennomført ein ROS-analyse for å belyse potensiell risiko forbunden med installasjon og drift.

NVE sluttar seg til vurderinga til Lyse Neo om at Felleskjøpet Rogaland Agder er å rekne som ekstern varmeleveranse. Etter NVEs syn er økt utnytting av overskotsvarme et positivt tiltak, og etablering av rørnett for dette formålet rasjonelt. NVE legg til grunn at etablering av nytt hovudrørnett er avklart med Bane Nor.

¹ [elnnsyn - Lyse Neo AS - Fjernvarmekonsesjon - Stavanger og omegn - 2016/3434 - Norges vassdrags- og energidirektorat](#)



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Justering av konsesjonsområdet

Lyse Neo har understreka at det endringane i konsesjonsområdet er nødvendige for å etablere røyrnett og ikkje vil føre til nytt kundegrunnlag i fjernvarmeanlegget.

Statens vegvesen viser til det nye konsesjonsområdet og skriv at dei føreset at tiltaket ikkje kjem i konflikt med sikringssona for E39 Eiganestunnelen. Dei skriv at alle typar arbeid som medfører risiko for å skade sikringssona ikkje kan setjast i verk utan løyve frå Statens vegvesen.

Stavanger kommune føreset at fjernvarmeanlegget blir prosjektert og bygd med sikker avstand til eksisterande kommunale leidningar. Kommunen skriv at prosjektering og bygging må koordinerast med kommunen for å tillate fellesføring av infrastruktur.

Lyse Neo kommenterer at dei vil hente inn nødvendige løyve og avklare tiltaket med vegstyresmakt i prosjekteringsfasen. Dei understrekar at dei vil kontakte kommunen for å tillate fellesføring.

NVE legg til grunn at Lyse Neo hentar inn nødvendige løyve for å etablere stikkleidningar og røyrnett. Vi viser til standardvilkår for fjernvarmekonsesjonar om at konsesjonær skal kontakte kommune, statsforvaltar, eigar av veg og andre som er råka før igangsetting av anleggsarbeid.

Utsett frist for ferdigstilling av Forus Nord varmesentral

Lyse Neo skriv etter pålegg frå NVE at det vil bli behov for auka spisslast i 2029-2030, og at dei vurderer ulike alternativ for plassering av gasskjel og elkjel. Dei har mål om å avgjere plassering av desse rundt årsskiftet 2025/2026 og ferdigstilling høvesvis 2029 og 2027.

NVE vurderer at Lyse Neo har tilstrekkeleg grunngeve for årsaka til utsetjing av frist for ferdigstilling av varmesentralen, og vi har i konsesjonen sett som vilkår at fjernvarmeanlegget i all hovudsak skal vere bygd i samsvar med konsesjonen innan 01.06.2029. Vi minner om at konsesjonær må søke om endra konsesjon dersom endeleg utforming av varmesentral avviker frå det som er konsesjonssøkt.

Naturmangfald

Tiltaket skal etablerast med eksisterande infrastruktur, og kjem ikkje i konflikt med naturtypar eller sjeldne artar. Varmerøyr vil leggest nær veg som allereie er råka av vegetableringane, og det er ikkje forventa å gi ulemper for natur eller anna arealbruk. Etter vår vurdering vil ikkje utvidinga gi vesentlege endringar i påverknad på natur, og vi vurderer kunnskapsgrunnlaget for tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. Standardvilkår om at konsesjonær tar kontakt med aktuelle styresmakter for å avklare arealbruk og naturverdiar vil vere gjeldande.

Vi vurderer kunnskapsgrunnlaget om naturmangfald, jf naturmangfoldloven § 8, for å vere tilstrekkeleg. Tiltaket vil ikkje råke vesentlege naturverdiar, og det har derfor ikkje vore behov for å vurdere §§ 9 og 10 om føre-var-prinsippet og samla belastning. §§ 11 og 12 om kostnadsdekning og miljøforsvarlege teknikkar er gjeldande for utbygginga.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Naturfare

NVE konstaterer at Lyse Neo skal etablere hovudrørnett innanfor NVE sitt aktsemdsområde for kvikkleire. Rørnett skal etablerast i eller nær eksisterande veg, og vi legg til grunn at grunnforholda er kjende.

Anlegg som er konsesjonsbehandla i medhald av energilova er fritatt kommunal byggesaksbehandling, jf. SAK10 § 4-3. Krava i plan- og bygningslova §§ 29-5, 29-7 og TEK17, herunder kap. 7 om tryggleik mot naturpåkjenningar, gjeld likevel for tiltak som er behandla etter energilova. Det følger av pbl § 29-5 at eitkvart tiltak skal bli prosjektert og utført slik at det ferdige tiltaket oppfyller krav til tryggleik, helse, miljø og energi, og slik at vern av liv og materielle verdiar er varetekne. NVE konstaterer at det er tiltakshavar sitt ansvar å sørge at både anlegget og tredjepart er sikra mot naturfare etter TEK17. Dette gjeld både varmesentralar og fjernvarmenett. For kvikkleire gjeld også krav gitt i NVE sin rettleiar 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred».

Om NVE sitt vedtak og vilkår

Med bakgrunn i søknaden, høyringsfråsegn og våre vurderingar ovanfor, har NVE med heimel i energiloven § 5-1 gitt løyve til endra fjernvarmekonsesjon for Lyse Neo AS.

Løyvet inneber etablering av ny trasé for hovudrørnett og utviding av konsesjonsområdet for å ta i bruk overskotsvarme inntil 7 MW. Vi gir også ny frist til 01.06.2029 for ferdigstilling av fjernvarmeanlegget. Vilkår om å avvike Vågen varmesentral er fjerna frå konsesjonen.

Konsesjonen med kartvedlegg er lagt ved dette brevet, og kan også bli lasta ned på NVE sin nettstad for denne saka: www.nve.no/4475/A7.

Krav om underretning

NVE pålegg hermed Lyse Neo å underrette grunneigarar/rettshavarar og andre som er råka om løyvet. Underretninga skal etter forvaltningslova gi opplysingar om mellom anna klageåtgang, klagefrist og retten til å sjå dokumentar i saka. Lyse Neo skal sende kopi av underretninga til NVE.

Klagerett

Om klageåtgang, sjå siste side i dette brevet.

Med helsing

Anette Ødegård
seksjonssjef

Jo Arne Marvik
seniorrådgivar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Mottakarliste:

LYSE NEO AS

Kopimottakarliste:

STATENS VEGVESEN

ROGALAND FYLKESKOMMUNE

STATSFORVALTEREN I ROGALAND

SOLA KOMMUNE

Felleskjøpet Rogaland Agder SA

BANE NOR SF

STAVANGER KOMMUNE

SANDNES KOMMUNE



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	<p>Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket.</p> <p>Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.</p>
Du kan få grunngjeving for vedtaket	<p>Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.</p>
Kva skal med i klagen?	<p>Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du:</p> <ul style="list-style-type: none">• Skrive kva for vedtak du klagar på.• Skrive kva for eit resultat du ønsker.• Opplyse om du klagar innanfor fristen.• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. <p>I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.</p>
Du kan få sjå dokumenta i saka	<p>Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.</p>
Vilkår for å gå til domstolane	<p>Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit.</p> <p>Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.</p>
Sakskostnader	<p>Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkar vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.</p>
Kven kan klage på vedtaket?	<p>Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.</p>
Kvar skal du sende klagen?	<p>Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no.</p> <p>NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.</p>

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.